

**Kroka vil byggja nytt småkraftverk**

16.01.2010

**Oddbjørn Kroka, som bur i Uskedalen men har ein eigedom i Mauranger, ynskjer å byggja eit småkraftverk nummer 2 i Krokaelva..**

NVE har no motteke melding frå Kroka Energi om dette og skal vurdere om utbyggjinga medfører skader eller ulemper av slikt omfang for ålmenne interesser at det er naudsynt med løyve etter vassressurslova.

Saka er sendt til fylkesmannen som første ledd i sakshandsaminga og NVE ber om ei vurdering av kva skader eller ulemper prosjektet medfører for dei ålmenne interessene og om fylkesmannen meiner dette fører til at prosjektet er konsesjonspliktig. I tillegg ber NVE om ei vurdering av prosjektet i høve til laksefisk- og innlandsfisklova og forureiningslova.

Hvis fylkesmannen ynskjer ei felles synfaring ber NVE om kontakt for ei koordinering. NVE ynskjer uttale før 1. februar.